



Interessa for Børnes er aukande. (Foto: Kjell Yri)

Interessa for areal på Børnes industriområde er klart aukande og no har Transportkompaniet-Vevik AS på Husnes søkt kommunen om å få kjøpa eit tre mål stort areal der.

Tore Vevik opplyser i søknaden at firmaet har kjøpt området som H.G. Guddal hadde. Han opplyser at det i si tid var avtale mellom Guddal og kommunen om areal tilknyttet denne verksemda som Guddal disponerte og planerte.

No ønskjer Vevik å kjøpa området i tilknytning til den kjøpte tomta då verksemda krev meir plass – også med tanke på framtidig ekspansjon.

Det aktuelle området er omkring tre mål stort og heller mot sørvest. Verksemda vil bestå av mindre og lettare industri, utleige/salg, serving av industri og entreprenørvirke, opplyser Vevik.

Med tida er det planlagt å føre opp nødvendige bygningar på området.

Av Ola Matti Mathisen